
Referent: Cathrine Gunn Grasdal og Ingunn Bårtvedt Skjerdal
Dato 18.03.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 08.03.2022 - Strandsone og byggegrense mot sjø i KPA - Bømlo kommune	
Til stades:	Thorleif Thormodsen Lea	Bømlo kommune, sakshandsamar plan
	Renate Torkelsen	Bømlo kommune, sakshandsamar plan
	Sarah Kvåle Skouen	Statsforvaltaren
	Svein Kornerud	Statsforvaltaren
	Aase Midtgaard Skrede	Statens kartverk
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF fagleiar plan
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF koordinator for planforum
	Cathrine Gunn Grasdal	VLFK- SUD- PKF kommunekontakt
	Ingeborg Klokkersund Djupevåg	VLFK- SUD- PKF klima
	Tore Slinning	VLFK-KII-Kulturarv
	Rune Andre Nautvik	VLFK-KII-Kulturarv
Vilde G. Holtmoen	VLFK-INV	
Gunvar Mikkelsen	Forum for Natur og friluftsliv	
Turid Verdal	ABO-arkitekter	
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 8
Møtetid:	08.03.22 kl 13-15	Møtestad: Digitalt møte - Teams

Møteleiar: Eva Katrine R. Taule

Referenter: Cathrine Grasdal og Ingunn B. Skjerdal

Eva Katrine R. Taule ønskte velkommen og gjekk gjennom deltakarlista, alle presenterte seg.

Innleiing

Bømlo kommune, ved Thorleif Lea, innleidde om den generelle byggegrensa som er i gjeldande plan. (50 og 25 meter). Dette er no lovstridig, og det må settast ei byggegrense i KPA eller reguleringsplan. Det har vore vanskeleg å arbeide med vedteken plan, og forventningane frå grunneigarar og andre samsvarar ikkje med det lova krev. Bømlo kommune ønsker god fagleg dekning og forankring for arbeidet med byggegrense i strandsona i KPA no.

Friluftslova stadfestar ei generell rett til ferdsel i strandsona som er utmark. Pbl sikrar vern av strandsona (som hindrar at strandsona blir gjort til innmark). SPR gjev vidare føringar for bruk/forvaltning av strandsona. Bømlo ligg i det SPR definerer som sone 3. Bømlo kommune er omfatta av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, men har opplevd at føresegna er mest retta mot reguleringsplannivået. Kommunen vurderer elles at kartleggingar og prinsipp for vekting av omsyn i strandsona er framifrå.

Lea frå Bømlo kommune gjekk gjennom døma som er tilsendt på førehand. Byggegrensa blir ikkje vurdert i LNF, då dette er areal det ikkje skal byggast i. Ein legg til grunn at byggegrensa aldri går lenger opp enn 100m. Som hovudregel blir tilgrensande areal gjeve eins byggegrense, medan einskilde byggjeformål med LNF mellom får eigne byggjegranser. Der det trengs ytterlegare

avklaringar får tilgrensande byggjeformål eigne byggjegranser. Kommunen ønskjer ikkje at byggjegransa i KPA skal styra utfylling og andre tiltak i sjø. Korleis kan dette bli handtert godt? Ein legg også til grunn prinsipp om at byggjegransa blir sett i noverande fysisk utbygging, også mot sjø. Tiltak i sjø som til dømes flytebrygger blir ikkje handsama, det same gjeld eventuell tilkomst til områda, då ein vil utsetja den handsaminga til byggesak/reguleringsplan. Korleis kan ein handtera automatisk freda kulturminne? Har planforum forslag til forenklingar?

VLFK: Det er eit svært krevjande arbeid kommunen er i gang med, og fylkeskommunen set pris på openheit i prosessen, både generelt og fordi problemstillingane er høgst aktuelle for fylkeskommunen sitt arbeid med ein rettleiar.

Arbeider kommunen systematisk med alle LNF-spreidd og andre utbyggbare areal? Kva er omfanget for kartlegginga?

Når det gjeld den regionale kystzoneplanen, er den tenkt å gje føringar for KPA. Rettleiar for planlegging i strandsona ligg som punkt i handlingsprogrammet, og dette temaet (byggjegransa og kartlegging av verdiar) er svært aktuelt.


Bømlo har enno ikkje oversikt over omfanget, og dei meir prinsipielle grepa som prosessen gjev.

Statsforvaltaren i Vestland (SF): Det er fint å komme så tidleg på bana, slik at kommunen ikkje kjem skeivt ut i prosessen. Bømlo kommune og Lea har lagt til grunn rettleiaren frå Nordland fylkeskommune (NFK). Denne gjev ei kartretta og noko instrumentell tilnærming, med fokus på utbyggingsområde.

Ein legg til grunn at «bruksmessig» er lik tatt til bruk, altså strandsonerfunksjonen er sett til null der det er noko utbygging. Ein misser slik eit meir heilskapleg bilete for vurderinga i kommunen. «Bruksmessig» kan også vere anna bruk enn utbygging og privatisering. Til bruk for friluftsliv og ålmenta t.d. Vidare kan ein sjå på meir enn noverande bruk, også kva som kan vere ein mogleg bruk, også for ålmenta.

Landskap og naturverdiar blir ikkje handsama på ein god nok måte. Dette heng også noko saman med fokuset i NFK sin rettleiar. SF gav uttrykk for kritikk av rettleiaren frå Nordland, at den ikkje er egna for å få fram og vurdert omsyna i strandsona i samsvar med SPR. Den er ikkje egna til å vurdere om områda skal ha ny utbygging til sjø. Det blir også for snevert å nytte innmark- og utmarksomgrepa i friluftsliva. Det gir heller ikkje samsvar med dei omsyna ein skal ta. I begge tilfelle blir særleg natur og landskap ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til. Eksponerte plasseringar av bygg blir t.d. ikkje tatt omsyn til. Landskap bør handsamast som eige tema i arbeidet med byggjegransa i KPA.

SF meiner at Bømlo ikkje har forstått SPR riktig for dei tilfella der alt areal ligg i 100-meters beltet. Det omfattar nok ikkje nes o.l. som i desse tilfella. Det generelle byggeforbodet i 100-meters beltet må handsamast reelt, og ein bør heller skuve utbygging innover frå nes o.l.



I dette dømet opnar ein for meir utbygging ved og bak naust og ved sidan av bustader. Både funksjonell strandsona og byggjegransa er trekt for nært sjø og gir rom for mykje ny utbygging..

Bømlo kommune viser til 3D-modelleringsverktøy som eit svært godt hjelpemiddel. Dette synleggjer også tilgjenge og interesse motsetnader i strandsona.

VLFK: Det er nyttig og viktig å ha sams og lett gjenkjennelege prinsipp for prioritering/vurdering i strandsona.

Bømlo ser at ein del prinsipp kjem fram gjennom arbeidet, og arbeider vidare med dei.

SF og VLFK er interessert i desse prinsippa, og vil gjerne sjå på dei i vidare prosess. Arbeidet Bømlo no gjer kan vere svært nyttig og relevant for utarbeiding og kalibrering av slike prinsipp i den regionale rettleiaren.

SF: Metodikken frå NFK er praktisk retta, og vi ser at det generelt ikkje er mykje god rettleiing på dette tema per i dag. Vi ønskjer å få fram etterprøvelege og gjenkjennelege prinsipp. Dette vil også klargjere kva som ev. skal til for å vike frå eit gjennomarbeidd prinsipp.

Kartverket: Vi har fokus på det karttekniske, og kan ikkje stille oss bak det faglege grunnlaget for nokre av prinsippa i NFK sin rettleiar (s. 10 i rettleiaren). Ein bruker ei retningslinegrense som utgangspunkt for utarbeiding for byggegrense. Denne retningslinegrensa (med SOSI-kode KpRetningslinjeGrense 1110) tilhøyrrer gamal standard og er ikkje lengre gyldig etter ny planlov frå 2009.

Kartverket peikar også på DOK (det offentlege kartgrunnlaget), der kommunane har moglegheit til å velje relevante, lokale temadata/datasett ved avkryssing. Funksjonell strandsona er eit aktuelt tema, også som temadata. Kartverket har ønska eit temamøte om funksjonell strandsona, og ser at dette kan kombinerast med VLFK og SF sitt arbeid med rettleiar. Konkret her kan ein tenke utvikling av prinsipp på bakgrunn av den detaljerte kartlegginga.

VLFK ser at vi alle kan ha nytte av meir kunnskap om det offentlege kartgrunnlaget, og dette vil vi ta med oss i arbeidet med rettleiaren.

SF: Kvar står ein i KPA-prosessen no? Bømlo kommune skal i neste utvalsmøte handsama KU-utkast til KPA. Ein arbeider med innspelshandsaming no. Vidare vil lokal kartlegging av friluftslivverdi blir lagt til grunn i arbeidet med strandsona, og dessutan kunnskapsgrunnlaget Naturbase.

VLFK kultur: Vil ein vektlegge spesifikke område, eller lage ei heilskapleg funksjonell strandsonakartlegging? Kva kriterium blir lagt til grunn i arbeidet, t.d. vedtekne, ikkje utbygde planar? Bømlo: Kriteria er i hovudsak utbygd eller ei, ikkje planar. Berre byggegrense blir lagt inn i KPA, og denne blir juridisk bindande.

Strandsona og kulturminne er utfordrande i Bømlo. Store mengder steinalderbuplassar ligg i strandsona. Illustrasjonen under viser døme på aktuelle steinalderbuplassar som vil komme i konflikt med andre prioriteringar.



Bømlo kommune: Dette vil ein eigentleg løyse i reguleringsplan., men ser at naturverdiar og kulturminneverdiar ikkje blir godt nok teke i vare. Steinalderbuplassar og andre kulturverdiar i LNF-areal vil vere skjerma, gjennom at LNF ikkje skal byggast ut. Retningslinjer og omsynsområder vil vidare ta i vare Bømlo sin eigen plan, vidare ser ein at den regionale kystsoneplanen tar desse omsyna i vare.

VLFK kultur: Vil minne om at Meld. St. 16 er relevant her. Denne bidreg med heilskap i planlegginga mtp. kulturmiljø. Riksantikvaren sin klimastrategi gjev vidare samanheng mellom klima og kulturmiljø.

ABO får ordet: Nivået på dette arbeidet er stort og kompleks for kommunane. Funksjonell strandsone som omgrep og innhald samsvarer ikkje med byggegrense, så vurderinga av dette forholdet er viktig. Gode prinsipp, som vi har snakka om tidlegare er viktig. Nokre kommunar har brukt omsynssone i strandsona, eller den retningslinja som er i NFK sin rettleiar. Ein har t.d. brukt omsynssone landskap. Ingen enkel bransjestandard her, men dette krev vidare arbeid. Landskap er ein viktig faktor, og dagens situasjon (t.d. ikkje kartlagde kulturmiljø) blir lagt til grunn. Byggegrense må setjast, ellers er det 100-meters grensa.

VLFK: Omgrepet funksjonell strandsone er komplekst, og har etterkvart blitt brukt seinare som kartleggingsmetode. Pbl er endra, og gjev saman med reviderte SPR meir konkrete føringar i strandsona. Byggegrense og funksjonell strandsone ligg som parallelle omgrep. SPR kap. 6.5 er vesentleg her. Særleg aktuelt i områder utan byggegrense og spreidd utbygging.

SF: funksjonell strandsone har vore opptatt av bruksmessige omsyn, og mindre verdiane i seg sjølv. SPR er viktig og relativt konkret her. Innspel kan vere å differensiere areala i strandsona i kommunen. Bømlo peikar på at det er vanskeleg å ikkje setje byggegrense i heile kommunen, for då vil 100-meters grensa gjelda i store delar av areala, og dette vil gjere vidare planarbeid vanskelege.

Kommunen hadde elles som ønskje å drøfta bruk av plankrav i strandsona når byggegrense er godkjent i KPA, men det blei ikkje tid til det.

VLFK og SF vil særleg takke for openheit og moglegheit til å delta tidleg i prosessen med eit viktig arbeid i Bømlo kommune.

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Bømlo kommune KPA strandsone
- 2 Eksempel1 Ådnarå
- 3 Eksempel2 PollenSkålavika
- 4 Eksempel3 Skinnhueneset
- 5 Tegnforklaring_Byggjegrænse